


Studentar på fleksible grunnutdanninger



Studentar på fleksible grunnutdanningar

Redaktør:

Magnus Fodstad Larsen

Forfattar:

Åsgeir Kjetland Rabben

ISSN: 2703-9110

Ope tilgjengeleg CC-BY 4.0

Innhaldsliste

Introduksjon	4
Metode.....	5
Omfang og utvikling over tid.....	8
Konklusjon	22
Referansar.....	26
Figurliste	27
Tabelliste	27
Vedleggstabellar	27

Introduksjon

Med utgangspunkt i eit mål om å gjera utdanning meir tilgjengeleg for folk i ulike livssituasjonar og på ulike stader i landet, blir det i Utsynsmeldinga uttrykt eit ønske om å auka antalet fleksible studietilbod (Meld. St. 14 (2022–2023), kap. 6). Ein slik auke har dei siste åra funne stad, og særleg på korte kurs og program er det mange som nyttar seg av fleksible studietilbod (HK-dir, 2025, kap. 5). På grunn av måten data om studieprogram blir registrert på, er det likevel slik at det har mangla god statistikk om studentar på fleksible studieprogram (Meld. St. 14 (2022–2023), s. 94–95; HK-dir, 2023a). Ikkje minst har ein mangla oversikt over samlingsbaserte utdanningar. Ved å kombinera informasjon om fleksible studieprogram frå to kjelder, DBH og Samordna Opptak (SO), har me i dette notatet inkludert data om samlingsbaserte utdanningar i statistikken. Datamaterialet omfattar grunnutdanningar, det vil seia utdanningar som fører fram til bachelorgrad, integrert mastergrad, profesjonsutdanning eller høgskulekandidatutdanning. Notatet gjer greie for omfanget av grunnutdanningar som er fleksible når det gjeld *tid* og *stad*, inkludert kven som nyttar seg av dei og kva for nokre utdanningar dei tek.

Eit overordna funn er at antalet som byrjar på ei fleksibel grunnutdanning har gått noko opp sidan 2016, medan antalet som har byrja på ei ordinær grunnutdanning er stabilt. Ved dei statlege institusjonane har det samla sett likevel vore ein nedgang på nesten 2 200 studentar på ordinære studium, og auken på fleksible studium kompenserer ikkje fullt ut for dette. Nedgangen i antalet ordinære studentar skjer særleg på campusar utanfor store byar. Ved private institusjonar har det vore ein auke både på ordinære og fleksible studium, og denne auken kjem i hovudsak ved HK og BI. Av statlege institusjonar er det INN og UiT som tek opp flest fleksible studentar, og i 2024 vart nesten halvparten av dei fleksible studentane tekne opp ved HK, INN eller UiT.

Auken i antalet fleksible studentar er i hovudsak konsentrert på nokre få studium, og særleg på økonomisk-administrative fag. Elles er auken størst på historisk-filosofiske fag og bachelorgradar i pedagogikk og spesialpedagogikk. Både barnehagelærar- og sjukepleieutdanninga har eit stabilt høgt antal fleksible studentar, og er dei utdanningane med flest fleksible studentar etter økonomisk-administrative fag.

Andelen fleksible studentar i dei yngste aldersgruppene er svært låg, og det er ingen tendens til at fleire av dei yngste studentane byrjar på fleksible studieprogram. Berre 2 prosent av dei 19-årige studentane byrjar på eit fleksibelt studium, mot 47 prosent av dei over 40.

Metode

Dette notatet er basert på dei same grunnlagsdataane om registrerte studentar som blir nytta i Tilstandsrapport for høgare utdanning, men det har i tillegg blitt kopla på informasjon om studieprogramma studentane er registrerte på frå Samordna opptak (SO). SO har opptak til grunnutdanningar, og me har difor kunna kopla på informasjon om fleksibilitet for desse utdanningane. Opptak til to-årige masterutdanningar og kortare kurs og program (utanom årsstudium) skjer ikkje gjennom SO, og for desse utdanningane har me difor ikkje moglegheit til å kopla på tilsvarende informasjon. På grunn av dette avgrensar notatet seg til grunnutdanningar. Kortare kurs og program, som til dømes vidareutdanningar, har ofte eit stort omfang av fleksibilitet, men har ikkje kunna bli inkludert her.

Når det gjeld faglege grupperingar av dei ulike utdanningane, er det her nytta ei anna inndeling enn det som hovudsakeleg blir nytta i tilstandsrapporten og tilhøyrande publikasjonar. Grunnen til det er at det i dette notatet er hensiktsmessig å studera utviklinga på heilt spesifikke utdanningar.¹

Frå DBH har me informasjon om studieprogramma studentane er registrert på er på heiltid eller deltid, om dei er desentraliserte² og om dei er nettbaserte. Den mest vesentlege informasjonen som manglar her, er om ei utdanning er samlingsbasert. For dei fleste utdanningane kan me likevel få tak i denne informasjonen. Når ei utdanning har opptak gjennom SO, registrerer institusjonane om utdanninga er nettbasert, om ho er samlingsbasert og om ho går på fulltid. (Det blir registrert «Ja» eller «Nei» på kvart av desse spørsmåla). Ved å kopla data frå SO med data frå DBH, får me difor inkludert denne informasjonen. Definisjonar, datagrunnlag og

¹ Dette notatet baserer seg på DBH si kategorisering av [studium](#), medan tilstandsrapporten og tilhøyrande publikasjonar i 2025 først og fremst baserer seg på [NUS-kodesystemet](#). Merk særleg at definisjonane av «Økonomisk-administrative fag» og «Historisk-filosofiske fag» er ulike i dei to systema. I dette notatet vert det elles nytta data om [registrerte opptekne studentar](#), medan det i kortnotatet om møtte studentar frå november 2024 (HK-dir, 2024) vart nytta [søknadsdata](#), noko som var naudsynt for å kunna identifisera dei studentane som fekk opptak gjennom lokale opptak utan nivåkrav. Føremålet med å bruka data om registrerte møtte studentar i dette notatet er å oppnå samsvar med tala som blir presentert i Tilstandsrapporten, i tillegg til at ikkje alle opptekne studentar blir rapportert i tabellen med søknadsdata. (Til dømes dersom opptaket er gjort utanom det vanlege opptakssystemet.) Samla sett gjeld dette eit lågt antal studentar, men desse utgjer likevel ein viss andel av studentane som går på fleksible gradsstudium. Skilnaden i kor mange studentar som blir rapportert som nye på grunnutdanningar ligg stort sett mellom 2000 og 3000 dei siste åra.

² «Desentralisert» vil her seia at undervisninga foregår utanfor ein campus, og tyder *ikkje* at undervisninga skjer i ein distriktskommune eller liknande. Sjå [definisjon i DBH](#).

avgrensinga av fleksible utdanningar er elles det same som blei brukt i rapporten *Fleksible profesjonsutdanninger* (HK-dir, 2023a).³

Dei studieprogramma som blir definert som fleksible er dei som er registrert med éin eller fleire av desse eigenskapane i DBH eller SO:

- DBH: organisering = desentralisert
- DBH: organisering = nettbasert
- DBH: deltid
- SO: samlingsbasert
- SO: ikkje fulltid
- SO: online

Som diskutert av HK-dir (2023a), er skila mellom dei ulike kategoriane ofte uklare, og i datamaterialet er det også stor grad av overlapp mellom dei ulike kategoriane. Me vil difor i tabellar og figurar sjå på fleksibilitet som ein dikotom variabel, det vil seia at eit studieprogram er anten fleksibelt eller ikkje-fleksibelt utan omsyn til kva eigenskap som gjer programmet fleksibelt. Når me omtalar omfanget av fleksible studieprogram på ulike utdanningstypar vil me likevel kommentera dei ulike variantane av fleksibilitet der dette er mogleg og hensiktsmessig. Sjå elles Vedleggstabell 1.

Ein del institusjonar har lokale opptak til visse utdanningar, og nokre institusjonar nyttar ikkje Samordna opptak i det heile. Når me her konsentrerer oss om grunnutdanningar, har me likevel informasjon om dei aller fleste studentane. Og så lenge me studerer fleksibilitet som eit dikotomt fenomen, er det berre for dei utdanningane som ikkje er fleksible på DBH-variablane at me treng data frå SO. Eit relevant spørsmål blir dimed kor stor andel av studentane me manglar SO-data om og som samstundes ikkje går på ei utdanning som er registrert som deltid, desentralisert eller nettbasert i DBH.⁴ Denne andelen er låg. For åra mellom 2016 og 2023 er det berre mellom 2 og 3 prosent av dei møtte studentane me manglar SO-data om og som samstundes ikkje går på eit program som er registrert som fleksibelt

³ Sjå kapittel 1.2 og 1.3 i *Fleksible profesjonsutdanninger* (HK-dir, 2023a) for diskusjon av omgrepene «fleksibel utdanning» og gjennomgang av datagrunnlag og avgrensing av fleksible utdanningar.

⁴ Høyskolen Kristiania og BI har ikkje opptak gjennom Samordna Opptak. Informasjon tilsvarande den me elles har frå SO er henta direkte frå institusjonen i HK sitt tilfelle, og i BI sitt tilfelle har me nytta informasjon frå variabelen «Fakultetsnavn» (nettstudia er koda som «Nettstudium») i DBH. For andre (og mindre) institusjonar som ikkje har opptak gjennom Samordna Opptak er det ikkje gjort forsøk på å henta inn slik informasjon. Det har elles blitt gjort manuelle sjekkar av studieprogram frå 2023 der SO-data ikkje blei korrekt kopla med studentdatasettet.

i DBH.⁵ I statistikken som blir presentert i dette notatet er desse studentane rekna som ikkje-fleksible, men det er ei moglegheit at enkelte av dei kan gå på studium som er på heiltid og samlingsbasert og som er registrert som «Undervisning ved institusjon» i DBH. Dette vil likevel truleg gjelda svært få.⁶

Notatet tek føre seg studentar som har byrja på ei grunnutdanning, det vil seia dei som eit gitt år er tekne opp og har starta på ein 3- eller 4-årig bachelorgrad, 4-årig yrkesutdanning, 5-årig integrert mastergrad, 6-årig profesjonsutdanning eller 2-årig høgskulekandidatutdanning. Måten me omtalar desse på vil variera i rapporten, men når me snakkar om «opptekne studentar», «nye studentar» eller berre «studentar» på ulike utdanninger eller institusjonar, er det alltid denne gruppa me snakkar om. Me vil elles referera til «fleksible studentar», som her tyder studentar som er registrert på eit studieprogram som er på deltid, samlingsbasert, nettbasert, desentralisert eller kombinasjonar av desse. Dei som ikkje er registrert på eit fleksibelt studieprogram kallar med her «ordinære studentar». Dette er då studentar som går på eit campus-basert studieprogram som ikkje er samlingsbasert og som går på heiltid.

⁵ For 2024 er SO-data koda inn i datasettet manuelt berre for dei tilfella der ei utdanning er registrert som samlings- og/eller nettbasert i SO, og me har difor ikkje kome fram til eit tilsvarande tal for 2024. Men antalet møtte studentar som er tekne opp gjennom lokale opptak og som me difor ikkje har tilstrekkeleg informasjon om frå andre kjelder er om lag det same i 2024 som åra før. Andelen vil difor vera på same nivået i 2024 som dei føregåande åra.


⁶ Blant dei studentane me *har* informasjon om er det samla sett for perioden berre 1,4 prosent som går på eit heiltidsstudium som er registerert som samlingsbasert i SO og «Undervisning ved institusjon» i DBH. Samla sett har me mangefull informasjon om 11 896 av totalt 438 086 som har møtt til studiestart på ei grunnutdanning mellom 2016 og 2023 (sjå Vedleggstabell 1). 2 371 av desse møtte på ei utvøvande musikkutdanning, og ytterlegare 2 112 møtte samla sett på studium i visuell kunst, designutdanning, scenekunst og kunstfagutdanning. Dette er utdanninger der det meste av opptaket skjer lokalt. 1 940 av dei me har mangefull informasjon om møtte på ei ingeniørutdanning (3-semester og y-vei). Samlingsbaserte heiltidsutdanninger i ingeniørfag er noko som eksisterer blant dei me har full informasjon om, men alle desse er også registrert som «nettbaserte» i DBH, og blir såleis plukka opp som fleksible der.

Omfang og utvikling over tid

Andelen fleksible studentar aukar

Mellom 2016 og 2024 har andelen fleksible blant dei opptekne studentane gått opp frå 7 til 11 prosent. I 2024 byrja 62 509 studentar på ei grunnutdanning (Figur 1), medan antalet i byrjinga av perioden låg like over 60 000. Under korona-pandemien var det ein topp på litt over 65 000. Dersom me samanliknar 2016 med 2024, ser me at antalet ikkje-fleksible har endra seg lite (frå 55 857 til 55 699), medan antalet fleksible har auka med om lag 2 400 (frå 4 434 til 6 810). Ein del av auken skjedde under pandemien, og då særleg på nettbaserte studium (sjå også Hkdir (2023c)), men auken har vore endå større etter pandemien.

Figur 1 Antal opptekne studentar på grunnutdanningar på fleksible og ikkje-fleksible studieprogram, 2016–2024.



Merknad: Sjå Vedleggstabell 2 for tabellgrunnlag og inndeling i statlege og private.

Eit første oversyn over kva typar fleksible utdanningar det har blitt fleire studentar på i denne perioden får ein i Tabell 1. Auken mellom 2016 og 2024 har i hovudsak skjedd på utdanningar som ikkje er profesjonsutdanningar, og som me skal sjå, særleg innan økonomisk-administrative fag. 172 fleire studentar byrja på fleksible profesjonsutdanningar i 2024 samanlikna med 2016, men i tida mellom dette har antalet vore lågare. Frå 2023 til 2024 ser me ein auke på nesten 700 studentar, og den

største auken (242) skjedde på sjukepleieutdanninga. Også på dei to grunnskulelærarutdanningane skjedde det ein auke. Noko av denne auken heng truleg saman med det ekstraordinære opptaket på sjukepleieutdanninga og nokre lærarutdanningar i 2024, men også på barnehagelærarutdanninga og utdanninga i sosialt arbeid var det ein auke dette året. Samla sett byrja litt under halvparten av dei fleksible studentane i 2024 på ulike profesjonsutdanningar.

Tabell 1 Fleksible studenter fordelt på profesjonsutdanningar og andre utdanningar. 2016–2024.

Årstall	Profesjons-utdanningar	Andre utdanningar	Andel på profesjonsutdanningar
2016	2 917	1 517	66 %
2017	2 617	1 710	60 %
2018	2 468	2 139	54 %
2019	2 419	2 656	48 %
2020	2 157	2 830	43 %
2021	2 691	2 889	48 %
2022	2 368	3 445	41 %
2023	2 398	4 425	35 %
2024	3 089	3 721	45 %

Merknad: Profesjonsutdanningar inkluderer her alle rammeplanstyrte profesjonsutdanningar i tillegg til ingeniørutdanningar. Rammeplanstyrte profesjonsutdanningar omfattar ulike helse-, sosial- og lærarutdanningar i tillegg til revisorutdanning.⁷

Flest fleksible studentar på økonomisk-administrative fag

Nesten ein tredel av dei fleksible studentane i 2024 byrja på ein bachelorgrad i økonomisk-administrative fag. Som me ser i Tabell 2, er det samla sett eit høgt antal studentar som byrjar på bachelorgrad i øk.-adm.-fag, og andelen fleksible blant desse er forholdsvis høg (16 prosent). Nesten halvparten av dei fleksible bachelorstudentane på øk.-adm. går på nettbaserte deltidsstudium ved HK.⁸ Også ved dei andre institusjonane som har eit høgt antal fleksible øk.-adm.-studentar (INN, UiT og BI, sjå Vedleggstabell 13) er det hovudsakleg snakk om nettbaserte studium, men då med størst innslag av heiltidsstudium. Ein vesentleg del av auken i antal fleksible studentar mellom 2016 og 2024 har kome på nettopp bachelorstudium i øk-adm.

⁷ <https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/hoyere-utdanning/rammeplaner/id435163/>

⁸ Samla sett studerer 20 prosent av dei fleksible studentane som vart opptekne i 2024 ved HK.

Barnehagelærarutdanninga har det nest høgaste antalet fleksible studentar, og utmerkar seg blant dei store utdanningane med ein høg andel fleksible (46 prosent). Som me ser i Tabell 2, er antalet fleksible barnehagestudentar så å seia det same i 2024 som i 2016, medan talet på ordinære studentar er halvert. Det er mange institusjonar som har studentar på fleksible barnehagelærarutdanningar (Vedleggstabell 14). Dei fleste av desse går på deltidsutdanningar som er samlingsbaserte og i nokre tilfelle arbeidsplassbaserte. Ein annan variant er samlingsbaserte heiltidsutdanningar, og om lag ein firedel av dei fleksible studentane på barnehagelærarutdanninga møtte på ei slik utdanning i 2024.

Tabell 2 Antal og andel studentar på fleksible og ordinære studieprogram. Opptekne studentar på grunnutdanningar på ulike studium i 2016 og 2024.

Studium	Grad	2016			2024		
		Fleksible	Ordinære	Andel fleksible	Fleksible	Ordinære	Andel fleksible
Øk.-adm.	B3	978	9 966	9 %	2 116	10 909	16 %
Barnehagelærar	B3	917	2 187	30 %	906	1 079	46 %
Sjukepleiar	B3	579	4 843	11 %	678	4 876	12 %
Historisk-filosofiske fag	B3	25	3 960	1 %	507	3 065	14 %
Pedagogiske fag	B3	97	957	9 %	372	892	29 %
Vernepleiar	B3	459	837	35 %	363	997	27 %
Yrkesfaglærar	B3	153	90	63 %	266	0	100 %
Samfunnsvitskap	B3	142	4 260	3 %	257	3 966	6 %
Ingeniørutdanning	B3	220	4 018	5 %	226	4 129	5 %
GLU 1-7	YU/M5	210	1 134	16 %	215	1 036	17 %
Sosionom/sosialt arbeid	B3	78	1 005	7 %	165	1 029	14 %
Psykologi	B3	0	915	0 %	158	1 195	12 %
GLU 5-10	YU/M5	107	1 470	7 %	159	859	16 %
Utvikling og miljø	B3	53	308	15 %	70	345	17 %
Øk.-adm.	HK	104	7	94 %	67	5	93 %
Teologi	B3	13	193	6 %	49	126	28 %
Barnevernpedagog	B3	157	803	16 %	49	738	6 %
Mat.-nat. fag	B3	67	4 314	2 %	43	5 198	1 %
Andre		75	14 590	1 %	144	15 255	1 %
Totalt		4 434	55 857	7 %	6 810	55 699	11 %

Merknad: B3 = 3-årig bachelorgrad, YU = 4-årig yrkesutdanning, M5 = 5-årig mastergrad, HK = Høgskulekandidat. For grunnskulelærarutdanningane (GLU 1-7 og GLU 5-10) er tala for ulike gradsnivå slått saman i tabellen, sidan desse utdanningane gjekk frå YU til M5 i og med reforma i 2017.

Sjukepleieutdanninga har det tredje høgaste talet på fleksible studentar, og her har både antalet (Vedleggstabell 15) og andelen (Figur 2) variert over tid.⁹ Det siste året er det likevel ein klar auke, målt på begge måtar. Samanlikna med 2016, møtte det i 2024 om lag like mange på ordinaære studieprogram, medan antalet som møtte på fleksible program hadde gått litt opp. I 2024 var det opna for opptak utan nivåkrav på sjukepleiestudiet, og eit særleg høgt antal sjukepleiestudentar møtte til studiestart dette året. Dei fleste fleksible sjukepleiestudentane går på ulike variantar av samlingsbaserte deltidsutdanningar, men det finst også desentraliserte eller «distriktsvenlege» heiltidsutdanningar ved INN, HiØ og UiS.

Det fjerde høgaste antalet fleksible studentar i 2024 finn me på bachelorstudia i historisk-filosofiske fag, med 507 (Tabell 2). Over 300 av desse byrja på nettbaserte heiltidsstudium ved HVO. På historisk-filosofiske fag ser me elles ein betydeleg nedgang i antalet studentar som har byrja på eit ordinært studieprogram, og ein stor auke i antalet som har byrja på fleksible program. Det er likevel ikkje slik at auken i antalet fleksible studentar kjem på dei same utdanningane som opplever ein nedgang i antal ordinære studentar. Nedgangen på historisk-filosofiske fag har kome på ei rekke ulike studieprogram, i hovudsak på dei fire gamle universiteta (UiO, UiB, NTNU og UiT), og i mange tilfelle på studieprogram som allereie var små. Auken har på den andre sida i hovudsak kome på nokre få studieprogram ved andre institusjonar, og då særleg på nettbaserte studium i historie.


Vidare følgjer pedagogiske fag og vernepleiestudiet, med høvesvis 372 og 363 fleksible studentar. På begge desse utdanningane utgjer dette ein høg andel av det samla antalet studentar. På pedagogiske fag går dei fleksible studentane i hovudsak på nettbaserte bachelorprogram i pedagogikk og spesialpedagogikk på deltid ved HK, i tillegg til eit deltids- og samlingsbasert bachelorprogram i pedagogikk ved INN. På vernepleieutdanninga er dei fleksible studentane foreldt på ulike deltidsstudium ved fleire ulike institusjonar.

For enkelte studium ser me ein reduksjon i talet på fleksible studentar. Dette gjeld i hovudsak barnevernpedagogutdanninga og den nemnde vernepleiarutdanninga, som begge har gått ned med rundt 100. Blant dei studia som har hatt ein auke i talet på fleksible studentar, utgjer den samla veksten 2 705 studentar. Av denne veksten

⁹ I perioden 2020 til 2023 delte HK-dir ut tilskot til etablering av fleksible og desentraliserte studietilbod. Om lag 55 millionar, rundt halvparten av det som vart delt ut til gradsutdanningar, vart då delt ut til utvikling av fleksible sjukepleieutdanningar (HK-dir, 2020, 2021, 2022, 2023b). Dei fire institusjonane som mottok mest tilskot (VID, UiS, USN og UiA) tok samla sett opp om lag ein firedel av alle fleksible sjukepleiestudentar i perioden 2021 til 2024. Det har ikkje blitt undersøkt om desse institusjonane planla å ta opp studentar på fleksible sjukepleiestudium dersom dei ikkje hadde fått tilskot.

har 1 138 (42 prosent) kome på øk.-adm., 482 (18 prosent) på historisk-filosofiske fag, 275 (10 prosent) på pedagogiske fag utanom lærarutdanningar og 158 (6 prosent) på psykologi. Det meste av auken har med andre ord kome på nokre få fagområde. Når me tek omsyn til nedgangen på andre fagområde, er den samla auken i fleksible studentar på 2 376.

Figur 2 Andelen fleksible blant opptekne studentar på grunnutdanningar etter studium. 2016-2024.



Høg koncentrasjon på få institusjonar

Når det gjeld institusjonsvis fordeling, peikar HK, INN og UiT seg ut med klart flest nye fleksible studentar i 2024, med høvesvis 1 374, 976 og 939 (Tabell 3). Samla utgjer dette nesten halvparten av alle opptekne studentar på fleksible grunnutdanningar i Noreg i 2024. Ved HK går nesten tre firedelar av dei fleksible studentane på nettbaserte studium i øk-adm- fag, og også ved INN og UiT går ein vesentleg andel av dei fleksible studentane på denne typen studium (høvesvis om lag ein firedel og om lag ein tredel). Øk-adm særmerkar seg i det heile med eit svært høgt totalt antal studentar (Tabell 2) og også ved at det finst nokre få, veldig store nettbaserte studieprogram på dette fagområdet ved enkelte institusjonar. Dersom me tek denne studentgruppa heilt ut av berekninga er INN og UiT likevel dei institusjonane med klart

flest fleksible studentar, medan HK ikkje lenger ligg heilt i toppen.¹⁰ Dei utdanningane INN har flest fleksible studentar på utanom øk-adm er barnehagelærar, sjukepleiar og bachelorgrad i pedagogiske fag. UiT sine fleksible studentar er fordelt på mange studium, særleg profesjonsutdanningar.

UiT utmerkar seg elles med ein nedgang på 805 ordinære studentar, det vil seia heile 25 prosent, frå 2016 til 2024.¹¹ Auken i fleksible studentar er langt mindre (og består hovudsakleg av nettbaserte øk-adm-studentar) og kompenserer ikkje for dette. NU har ein nedgang både blant ordinære (21 prosent) og fleksible studentar (28 prosent). Elles ser me at fleire av dei institusjonane som har hatt ein vekst i talet på fleksible studentar har ein nedgang i talet på ordinære studentar som er større enn auken i talet på fleksible. I tillegg til UiT gjeld dette USN, HVL og UiS. Også INN og HVO har ein nedgang i talet på ordinære studentar, men også ein auke i talet på fleksible studentar som er større enn dette. Ved HVO har heile auken i fleksible studentar kome på nettbaserte studium i historisk-filosofiske fag. HVO har elles den største prosentvise nedgangen i talet på ordinære studentar, med 29 prosent.

Samla sett ser me at dei private sin andel av dei fleksible opptekne studentane har gått opp frå 29 prosent til 31 prosent, og at dei private sin andel av alle opptekne studentar har auka frå 17 prosent til 21 prosent.

¹⁰ Utan studentar på nettbaserte studium i øk-adm vil INN ha 721 og UiT 607 fleksible studentar. HK vil stå att med 375 fleksible studentar. Utanom desse tre er det i hovudsak berre NTNU og BI som har studentar på nettbaserte studium i øk-adm.

¹¹ Sjå merknad om UiO under tabell.

Tabell 3 Antal og andel studentar på fleksible og ordinære studieprogram. Opptekne studentar på grunnutdanningar ved ulike institusjonar i 2016 og 2024.

Institusjon	2016			2024			Endring 2016-2024	
	Fleksible	Ordinære	Andel fleksible	Fleksible	Ordinære	Andel fleksible	Fleksible	Ordinære
INN	288	2 217	11 %	976	1 844	35 %	688	-373
UiT	587	3 258	15 %	939	2 453	28 %	352	-805
NU	561	1 787	24 %	405	1 404	22 %	-156	-383
USN	282	3 640	7 %	393	3 392	10 %	111	-248
NTNU	334	8 047	4 %	392	8 659	4 %	58	612
OsloMet	530	4 417	11 %	365	4 743	7 %	-165	326
HVL	162	3 865	4 %	357	3 503	9 %	195	-362
HVO	25	563	4 %	331	402	45 %	306	-161
UiS	104	2 563	4 %	220	2 285	9 %	116	-278
HiØ	86	1 291	6 %	150	1 304	10 %	64	13
HiM	126	409	24 %	89	595	13 %	-37	186
UiA	49	2 672	2 %	34	2 747	1 %	-15	75
UiO*	23	6 055	0 %	15	5 248	0 %	-8	-807
SH	0	0	0 %	10	0	100 %	10	0
AHO	0	174	0 %	0	145	0 %	0	-29
KHiO	0	137	0 %	0	140	0 %	0	3
NHH	0	500	0 %	0	542	0 %	0	42
NIH	0	248	0 %	0	256	0 %	0	8
NMBU	0	1 153	0 %	0	1 333	0 %	0	180
NMH	0	85	0 %	0	85	0 %	0	0
UiB	0	4 093	0 %	0	3 763	0 %	0	-330
Statlege samla	3 157	47 174	6 %	4 676	44 843	9 %	1 519	-2 331
HK	702	2 258	24 %	1 374	3 380	29 %	672	1 122
BI	201	4 163	5 %	283	5 256	5 %	82	1 093
VID	121	798	13 %	245	773	24 %	124	-25
NLA	58	365	14 %	92	592	13 %	34	227
DMMH	105	286	27 %	64	141	31 %	-41	-145
RS	77	84	48 %	35	23	60 %	-42	-61
ATH	7	75	9 %	23	104	18 %	16	29
HLT	6	63	9 %	10	57	15 %	4	-6
FIH	0	42	0 %	8	27	23 %	8	-15
Andre private	0	549	0 %	0	503	0 %	0	-46
Private samla	1 277	8 683	13 %	2 134	10 856	16 %	857	2 173
Totalt	4 434	55 857	7 %	6 810	55 699	11 %	2 376	-158

Merknad: Tabellen er sortert etter talet på fleksible studentar i 2024. Sjå Vedleggstabell 3 og Vedleggstabell 4 for tidsseriar frå 2016.

**UiO har lagt om registreringa på det femårige masterstudiet i rettsvitenskap. Dette fører til ein reduksjon på 312 registrerte studentar i 2024 samanlikna med 2016. Reell nedgang i antal ordinære studentar ved UiO er då 495*

Sterkt veksande andel fleksible studentar i distriktskommunar

HVO er ein av svært få attverande éincampusinstitusjonar utanfor byar eller sentrale strok, og difor vanskeleg å samanlikna med andre. Tabell 4 viser tal for ulike sentralitetsklassar. Utgangspunktet her er at kvar campus ligg i ein kommune, og at kvar kommune tilhører ein av seks sentralitetsklassar (1 er mest sentralt, 6 minst sentralt). Studentane blir då plassert i ein sentralitetsklasse etter kva campus dei er registrert ved. Merk at studentar på desentraliserte studieprogram er registrerte på ein campus, medan undervisninga skjer på ein stad som kan liggja i ein annan kommune og sentralitetsklasse. Sidan me ikkje har informasjon om kor denne undervisninga faktisk skjer, er studentane på desentraliserte studieprogram ikkje tekne med i Tabell 4.¹² Tabellen viser dimed tal for studiestader som er registrert som campusar, og ikkje for studiesenter og liknande. Når tabellen oppgir eit tal på ordinære studentar på campusar i ein sentralitetsklasse, er det dermed snakk om studentar som studerer fysisk på eit fulltidsstudium ved ein campus i denne sentralitetsklassen. Dei fleksible studentane er i tabellen oppgitt ved den campusen dei er registrert ved, og kan studera fysisk ved denne campusen (på deltid eller samlingsbasert) eller nettbasert. Det er ein tydeleg tendens til at andelen fleksible studentar er høgast i dei minst sentrale klassane. Dette gjeld særleg i 2024, då andelen er svært høg i klasse 4, 5 og 6. Antalet fleksible studentar er likevel høgast i klasse 1 (2 179), følgd av klasse 4 (1 703). Vidare ser me at talet på ordinære campusstudentar har gått opp i dei to mest sentrale klassane og ned i dei andre. Endringane er relativt sett størst i dei minst sentrale kommunane. I klasse 4 er talet på ordinære studentar redusert med 24 prosent, i klasse 5 med 36 prosent, og i klasse 6 med 57 prosent. I klasse 4 og 5 er auken i talet på fleksible studentar større enn nedgangen i talet på ordinære studentar.


¹² Antalet studentar på desentraliserte studieprogram utgjer ein forholdsvis liten del av dei fleksible, særleg i 2024. I 2016 byrja 940 studentar på slike studium (21 prosent av dei fleksible), og i 2024 433 (6 prosent).

Tabell 4 Antal og andel studentar på fleksible og ordinære studieprogram. Opptekne studentar på grunnutdanningar etter campusens sentralitetsklasse. Studentar på desentraliserte program er ikkje inkludert. 2016 og 2024.

Sentralitets- klassen	2016			2024			Endring 2016-2024	
	Fleksible	Ordinære	Andel fleksible	Fleksible	Ordinære	Andel fleksible	Fleksible	Ordinære
1	1 355	16 999	7 %	2 179	17 569	11 %	824	570
2	697	22 682	3 %	738	23 630	3 %	41	948
3	811	11 372	7 %	1 050	11 030	9 %	239	-342
4	451	3 495	11 %	1 703	2 656	39 %	1 252	-839
5	126	1 200	10 %	606	763	44 %	480	-437
6	54	105	34 %	60	45	57 %	6	-60

Merknad: Klasse 1 består av campusar i Oslo, Lillestrøm og Bærum. Dei kommunane med flest studentar i klasse 2 er Bergen, Trondheim, Stavanger, Ås og Horten. I klasse 3 er dei største Kristiansand, Tromsø, Lillehammer, Gjøvik, Bodø, Halden, Grimstad og Ålesund. I klasse 4 Volda, Alta, Midt-Telemark, Levanger og Molde. I klasse 5 Sogndal, Åmot og Sunnfjord. I klasse 6 Nesna, Stor-Elvdal og Vinje. Sjå Vedleggstabell 16 for antal ordinære og fleksible studentar per kommune og oversikt over dei ulike kommunane sin sentralitetsklasse.

Figur 3 viser andelen fleksible opptekne studentar ved dei seks institusjonane med høgast antal fleksible studentar. Me ser at INN har ein jamn auke i heile perioden, med eit ekstra sprang i 2022, som er det første året det er registrert studentar på nettbaserte øk-adm-studium ved denne institusjonen. Eit tilsvarande sprang ser me av same grunn ved UiT i 2021. USN ligg forholdsvis stabilt på mellom 5 og 8 prosent, og eit sprang til 10 prosent i 2024. Dette kjem av ein vekst i antalet studentar på fleksible studium i historisk-filosofiske fag, særleg ved opprettinga av nett- og samlingsbaserte studium i språk og litteratur. Ved NU er det større variasjonar frå år til år. Dette heng mellom anna saman med store variasjonar i antalet studentar på barnehage- og sjukepleieutdanningane, som er dei største fleksible grunnutdanningane ved NU. HK har høgast andel fleksible i store delar av perioden, men låg lågare enn INN i 2024.

Figur 3 Andel fleksible av opptekne studentar per institusjon. 2016–2024

Merknad: Figuren viser andelar for dei seks institusjonane med høgast antal i 2024. Sjå Vedleggstabell 4 for tabellgrunnlag med fleire institusjonar.

Andelen fleksible aukar mest i dei eldste aldersgruppene

Det er ein svært tydeleg tendens til at andelen fleksible studentar er høgare jo eldre studentane er (Tabell 5). Av 19-åringane byrja to prosent på eit fleksibelt studieprogram i 2024, og også for 20- og 21-åringane er det berre snakk om 3 prosent. Så stig andelen skarpt med alderen opp til 25 prosent av 27-åringane, og vidare til nær halvparten av dei over 40.

Tabell 5 Opptekne studentar på grunnutdanningar 2024 etter alder. Totalt antal studentar, antal og andel på fleksible studieprogram.

Alder	Antal fleksible	Totalt antal	Andel fleksible
19	192	8 975	2 %
20	308	12 121	3 %
21	374	11 065	3 %
22	361	6 126	6 %
23	352	4 396	8 %
24	344	3 212	11 %
25	341	2 431	14 %
26	358	1 874	19 %
27	377	1 512	25 %
28	296	1 220	24 %
29	276	1 039	27 %
30	249	903	28 %
31	212	791	27 %
32	223	663	34 %
33	196	615	32 %
34	213	578	37 %
35-39	827	2 149	38 %
40 år og eldre	1 311	2 839	46 %


Merknad: I alderskategorien 19 år inngår 140 studentar som er yngre enn 19 år.

Som me ser i Figur 4, har andelen fleksible studentar også auka mest i dei høgaste aldersgruppene. For den yngste gruppa (19–21 år), ligg andelen stabilt mellom 2 og 3 prosent heile perioden. For dei mellom 22 og 24 år ser me ein viss auke etter 2021, opp frå 5 til 8 prosent, medan auken er meir betydeleg når me kjem opp i aldersgruppa 25–29 år. For denne gruppa er andelen fleksible no over 20 prosent, mot 12 prosent i byrjinga av perioden. Dei tre høgaste aldersgruppene (30–34 år, 35–39 år og 40+) ligg likevel langt over dette, med 31 prosent, 38 prosent og 46 prosent i 2024. For desse har det vore ein kraftig auke dei siste åra. Endringa frå 2016 til 2024 for dei eldste aldersgruppene har skjedd ved at antalet fleksible studentar har auka med fleire hundre (sjå Figur 5), samstundes med at antalet ordinære studentar gått litt ned for gruppa 30–34 og auka litt for dei to eldste. Aldersgruppa 25–29 skil seg ut med ein nedgang på over 1 100 ordinære studentar og ein auke på 600 fleksible. Den største nedgangen på ordinære studium blant 25–29-åringar har kome på øk-adm-fag og historisk-filosofiske fag (høvesvis 226 og 221 studentar), som er dei same studia som har størst auke på fleksible studium i denne aldersgruppa (høvesvis 272 og 185). Også på sjukepleiestudiet er det ein nedgang i antal studentar på ordinære studium (158)

og ein auke på fleksible studium (51) blant 25-29-åringar. For den yngste gruppa har det vore ein auke på noko over 900 ordinære studentar, i tillegg til nokre titals fleksible.

